

Årsmelding 2020 – Ørsta IL friidrett

Innleiing

Covid-19-pandemien i 2020 fekk store konsekvensar også for friidretten i Ørsta. Treningar, stemne og annan friidrettsaktivitet vart vesentleg redusert. For dei aller yngste var konsekvensen størst. Det vart ingen friidrettsaktivitet for dei yngste aldersgruppene.

Styret

Leiar: Olve Øyehaug

Økonomi: Trine Skjeret

Sportsleg leiar: Elin Opsal

Styremedlem: Lisbeth Hovden Nilsen

Styremedlem: Ole Jørgen Ose

Styremedlem: Åsmund Keilen

Styremedlem vara: Kristine Sævik Bjørneset

Sportsleg utval

Sportsleg leiar: Elin Opsal

Trenarar: 13+ år: Elin Opsal, Kari Lundestad Myrold, Svein-Egil Johannessen, Erik Drange Tønnessen, Åse Øyehaug, Sigrid Vartdal, Michele Tharaldsen Hoggen, Ole Jørgen Ose

10-12 år: Olve Øyehaug, Ingrid Aarflot Ryste, Grethe Flatjord, Yngve Vadstein, Åsmund Keilen

Rekruttar - Olve Øyehaug og foreldrehjelparar

Oppmann: Olve Øyehaug

Utøvarar 13+ har hatt oppfølging av kretstrenarar.

Trenarsituasjonen var blant den beste på mange år totalt sett, med mange tilgjengelege trenarar, spesielt for aldersgruppa 12 år og yngre. For aldersgruppa 13 år og eldre har vi framleis for få trenarar til å kunne følgje opp kvar enkelt utøvar så godt som vi ønskjer.

Skulekontakt – Einar Myrold og Gunnar Festøy **Allidrettsgruppa:** Olve Øyehaug

Informasjonsmedarbeidar/pressekontakt Olve Øyehaug

Økonomiutval Trine Sørheim Skjeret og Olve Øyehaug

Sponsoransvarleg Olve Øyehaug

Stemneutval

Stemne i regi av Ørsta IL friidrett: Elin Opsal, Trine Skjeret, Olve Øyehaug

Saudehornet rett opp: Avlyst

Styremøte Det er halde to formelle styremøte. Mykje administrativt vert kommunisert og konkludert via elektroniske kanalar.

Representasjon administrativt

ØIL hovudstyre – Olve Øyehaug

Koordinatorar av anleggsgruppe: Ole Jørgen Ose og Olve Øyehaug

Statistikkførar: Svein-Egil Johannessen

Representasjon sportsleg – meisterskap

UM innandørs, Bærum: Johannes Eiksund G17 60 m og 200 m.

NM Junior Kristiansand: Elias Hovden Nilsen, MU20 spyd, sølv. Andrine Hjellen Haugland, KU23 spyd, sølv. Anna Hjellen Haugland KU20 slegge, 4. plass.

UM, Jessheim: Maria Straume, J15, 800 m, sølv. Thea Nilsen, J15, diskos og spyd, 7. plass begge øvingar. Johannes Eiksund, G17, 100 m, 9. plass og 200 m.

NM, Bergen: Elias Hovden Nilsen, spyd, 4. plass. Andrine Hjellen Haugland, spyd, 7. plass.

Landslagsplass: Elias Hovden Nilsen var i 2020 med på rekrutteringslandslaget spyd.

Lerøyleikane: Fire deltakarar: Elise Aarflot, Jenny Hermine Bjørneset, Håvard Bernseter Keilen og Isak Vindfjell.

Økonomi Friidrettsgruppa i Ørsta har ein sunn økonomi og eigenkapitalen er solid. Førebels rekneskap viser omsetting på 311 514,- og negativt resultat på kr 41 928,- for 2020. Det 20 år gamle

tidtakarsystemet vart stadig meir ustabil i 2020, og vi måtte kjøpe inn nytt mot slutten av året. Det negative resultatet skuldast i hovudsak lågare inntekter p.g.a. mindre aktivitet og eingongskostnad i samband med forskotsleige på spydseglet. Vi reknar med å få støtte og momsrefusjon i samband med tidtakarsystem i 2021 og det vil betre 2021-rekneskapan. Covid-19-pandemien gjorde at det vart ein kraftig reduksjon på aktiviteten i 2020, mange av stemna vart avlyste og dei stemna som vart arrangerte hadde vesentleg redusert deltaking p.g.a smittevernsreglar. Stemna, i tillegg til støtte frå sponsorane, er ei av dei viktigaste inntektskjeldene til klubben. Bortfall og reduksjon av stemneinntekter vart kompensert gjennom støtteordningar frå staten, slik at samla sett vart inntektene likevel ikkje reduserte samanlikna med eit normalår. Støtten utgjorde kr 68 675,-. Denne støtten, noko inntekt frå eigne arrangement og stønad frå lokalt næringsliv gjer at drifta går bra. Gjennom aktivt sponsorarbeid har gruppa god sponsorstøtte. Vi vil spesielt takke hovudspansoren vår SpareBank1 Søre Sunnmøre. Andre sponsorar er: Vartdal Plast, Tussa, Kiropraktor Nilsen, Toyota Sunnmøre, Furene og Sport 1 Ørsta.

Utmerkingar Elias Hovden Nilsen fekk innsatspokal på årsmøtet til Ørsta IL. Innsatspokalen vart tildelt Elias for ekstraordinær innsats som utøvar i greina spydkast. Elias vart norgesmeister i klassen U20 Menn Spyd i 2019. Sidan 14-årsalderen har han vore i norgestoppen i sine aldersklassar i spyd. Han har banerekorden i spyd på Ørsta stadion. Han har teke fleire medaljar i nasjonale meisterskap. Han har alle klubbrekordar i spydkast frå og med klasse 14 år til og med senior.

Sportslege aktivitetar

Friddrettsgruppa har arrangert følgjande stemne i 2020:

Innandørs treningsstemne – 2 stk

Utandørs treningsstemne – 8 stk

Sparebank 1 leikane (55 påmelde)

Ørstaleikane (90 påmelde)

Saudehornet rett opp - avlyst

Friddrettsskule (30 deltakarar og 7 trenarar) – 9. året på rad

Lagserien og krinsserien 2020 I lagserien 3. div. kvinner vart Ørsta IL sine kvinner nr. 22 med 9657 poeng. Våre herrar i 3. div. vart nr 54 med 8439 poeng.

Krinsserien for 2020 for jenter og gutar 10-19 år er ikkje offisiell i skrivande stund

Rekordar Klubben fekk 37 resultat blant dei **10 beste på landsbasis** i aldersbestemte klassar (13 år og eldre) og senior/veteran:

Andrine Hjellen Haugland, Anna Hjellen Haugland, Arnstein Nikolai Ose, Elias Hovden Nilsen, Erik Drange Tønnessen, Filip Hoggen, Håvard Bernseter Keilen, Johannes Eiksund, Maria Mjelva Straume, Oskar Mjelva Straume og Thea Nilsen

Klubben fekk 86 resultat utandørs og 86 innandørs som var blant dei **3 beste på krets nivå** i aldersbestemte klasser og senior/veteran. Dei 21 som fekk desse resultatene var:

Amalie Tomasgard, Andrine Hjellen Haugland, Anna Hjellen Haugland, Anne Stave, Arnstein Nikolai Ose, Elias Hovden Nilsen, Elise Aarflot, Erik Drange Tønnessen, Filip Hoggen, Håvard Bernseter Keilen, Ida Rebbestad Schjetne, Isak Vindfjell, Jenny Hermine Bjørneset, Johannes Eiksund, Johannes Vinsrygg Vadstein, Maria Mjelva Straume, Noah Digernes Mehreb, Oskar Mjelva Straume, Thea Nilsen og William Lillefosse

Banerekordar: Anna Hjellen Haugland sette banerekord med 43,83 meter i slegge. Elias Hovden Nilsen sette banerekord med 58,62 meter i spyd.

Klubbrekordar senior: 4 utandørs og 4 innandørs

Klubbrekordar junior: 4 utandørs og 4 innandørs

Over 1000-poeng Tre utøvarar frå Ørsta oppnådde til saman 12 resultat over 1000 poeng etter Tyrving-tabellen i 2020: Desse var: Elias Hovden Nilsen, Johannes Eiksund og Madelene Almestad.

Over 900-poeng 17 utøvarar frå Ørsta oppnådde til saman 73 resultat over 900 poeng etter Tyrving-tabellen i 2020: Desse var:

Agnes Hjellen Haugland, Alfred Keilen Thomsen, Anna Hjellen Haugland, Elias Hovden Nilsen, Filip Hoggen, Frøya Bernseter Keilen, Isak Vindfjell, Johannes Eiksund, Jonatan Hovden Ryste, Julie Hovden Ryste, Kristian Aarflot Årdal, Madeleine Kristoffersen, Madelene Almestad, Maria Mjelva Straume, Pia Flatjord Tofteland, Ragne Øyehaug og Rasmus Nymark.

Banerekordar

Elias Hovden Nilsen, spyd, 58,62 m, 20. juni.

Anna Hjellen Haugland, slegge, 43,83 m, 9. august.

Dommarkurs

Klubben har 10 aktive kretsdommarar. Klubben har og fire kretsdommaraspirantar som vi har som mål å få godkjende som dommarar i 2021.

Kommentar frå leiar

Covid-19-pandemien i 2020 fekk store konsekvensar for alle i 2020, også for friidretten i Ørsta. Både treningar og stemne vart vesentleg reduserte i samband med gjeldande smitteverntiltak. For dei aller yngste var konsekvensen størst. Det vart ingen friidrettsaktivitet for aldersgruppa 7 år og yngre, og nesten ingen aktivitet for aldersgruppa 8-9 år i 2020. Dei siste åra har denne aldersgruppa stått for over halvparten av utøvarane i friidrettsgruppa. For resten av utøvarane kom aktiviteten gradvis i gang utover våren og hausten, men sterkt redusert samanlikna med eit normalår. Alle stemne lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt vart enten avlyste eller reduserte. Dette gjorde at stemnedeltaking var svært låg samanlikna med normalår. Trass reduserte treningsmulegheiter, få stemne og redusert deltaking på stemne var prestasjonane på høgt nivå i 2020. Dei sportslege resultatane i 2020 er blant dei beste på mange år frå klubben, kun 2019 er på om lag same nivå. Klubben fekk to sølv og ein fjerdeplass i junior NM, og eit sølv på UM.

Rekrutteringscupen vart avlyst p.g.a. pandemien og klubben arrangerte kun to stemne av litt storleik i 2020, Sparebank1-leikane med 55 deltakarar og Ørstaleikane (kun ein dag mot normalt to) med rundt 90 deltakarar. Deltakinga var meir enn halvert mot normalen. Rekrutteringscupen vart avlyst. Klubben arrangerte ein del treningsstemne for at utøvarane skulle få konkurrere.

Etter kvart som treningane for aldersgruppene 10 år og eldre kom i gang i april og mai har friidrettsgruppa har hatt godt fram møte på treningane. Frammøtet har vore nesten like godt som det har vore dei siste åra. For 10-12 årsgruppa var det over 20 aktive i gruppa i 2020. I alderen 13 år og eldre var det godt fram møte gjennom året, med 10-15 faste på kvar trening, og rundt 20 totalt i gruppa. Det er stadig fleire utøvarar frå Volda som er med i klubben. Vi har arrangert 12 store og små stemne og ein friidrettsskule. Saudehornet rett opp vart avlyst p.g.a. pandemien.

Det har vore god dekning i Møre Nytt og Møre av eigne stemne og deltaking på stemne andre stader. Klubben har vore aktiv på eiga nettside og på Facebook, og har nådd ut til mange lesarar. Spesielt har Svein-Egil Johannessen utmerka seg med omfattande og raske oppdateringar av resultat og statistikk på medlemsgruppa på Facebook. Positivt er det at Møre Nytt også i 2020 på eige initiativ henta nyhende frå nettsida vår.

Vi hadde stor nytte av å trene i Ørstahallen frå nyttår og fram til nedstenging 12. mars p.g.a. pandemien. På hausten hadde vi innandørstreningar frå november, men smittevernstiltak gjorde at øvingsutvalet vart kraftig redusert samanlikna med normalen. Ørsta idrettspark kjøpte inn spydsegl i 2020 og planen er å montere det ferdig tidleg i 2021.

Det har vore redusert dugnadsaktivitet p.g.a. pandemien. Delar av løpedekket vart spylt med brannslange før sesongstart på våren. Det vart ikkje hatt på soppdrepar på løpedekket i 2020, så det må gjerast før sesongstart 2021. Løpedekket vart ikkje djupreinsa. Det opna for tilgang til kjøp av klubbkle frå Trimtex i 2020.

Det viktigaste for Ørsta IL friidrett er å gje barna eit godt og motiverande friidrettstilbod. Dette har vi i stor grad lukkast med også i 2020 trass utfordringane med covid-19-pandemien.

Som leiar av gruppa vil eg takke utøvarar, trenarar, styret og andre involverte vel utført innsats.

Olve Øyehaug, 25. mai 2021